



**Ekstern vurdering
skuleåret
2024-25**


**Vats skule
Vindafjord kommune**

Tilbakemelding frå vurderingsteamet

Ellen Tveit (Rektor Fløgstad skule)

Magnhild Hjartåker (PP-rådgjevar)

Jannicke Hatlen (Rådgjevar oppvekst)





Utviklingsområde: Trygt og godt skulemiljø for alle elevar



Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med skulen sitt utviklingsområde er det laga eit **framtidsbilete** som skal vise korleis det er på skulen når alt er optimalt. Vi har sett på dette i forhold til barn, føresette, tilsette og leiing.
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd **kriterier** og **kjenneteikn** på god praksis
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor skulen står når det gjeld:
 - Framtidsbiletet knytt til vald utviklingsområde
 - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
 - Føringar i opplæringslova og læreplanverket (LK20)
- Presentasjonen gir til slutt råd om kva ein bør gjere vidare for å nå framtidsbiletet og oppfylle læreplanverket

FRAMTIDSBILETE

- Vats skule skal utvikle *inkluderande praksis* som fremmer helse, trivsel og læring for *alle*.
- Elevane skal oppleve at skulen har eit godt læringsmiljø med forutsigbarheit og trygge rammer.





KRITERIER

1. Alle elevar opplever fagleg og sosial læring og meistring i eit inkluderande og trygt skulemiljø
2. Dei tilsette legg til rette for fagleg og sosial utvikling og inkludering
3. Skulen og dei føresette samarbeider om elevane si faglege og sosiale utvikling og inkludering
4. Det profesjonelle læringsfellesskapet blir brukt bevisst og målretta for å utvikle felles pedagogisk praksis i tråd med utviklingsområdet

Metodar som er nytta

- Dokumentasjon frå skulen
- Samtalar med:
 - Elevar
 - føresette
 - tilsette
 - leiinga
- Observasjon i ulike situasjonar inne og ute i ulike fag



Utval

- Observasjon på alle klassetrinn i dei fleste fag, inne og ute
- Gruppessamtalar med 7 barn frå 3. - 7. trinn
- Uformelle samtalar med barn frå ulike klassar
- Samtale med 2 fagarbeidrarar,
- Samtale med 6 lærarar, frå ulike trinn
- Samtale med 10 føresette frå FAU, fra 1-6 trinn
- Daglege samtalar med rektor





Kriterium 1

Alle elevar opplever fagleg og sosial læring og meistring i eit inkluderande og trygt skolemiljø

Me har sett/opplevd/høyrt at:

- Elevar som trivs, har vener og er aktive i læringsarbeidet.
- Elevar som blir sett og anerkjent for den dei er av lærarar og andre tilsette i både timar og friminutt
- Elevar som opplever trygge relasjonar til medelevar og lærarar/andre tilsette
- Elevar som opplever sosial og fagleg meistring og utvikling i skulekvardagen
- Elevar som seier at dei opplever at dei fleste elevane har det godt på skulen og dei har trent på å inkludere alle i leiken




Kriterium 2

Dei tilsette legg til rette for fagleg og sosial utvikling og inkludering

Me har sett /opplevd/høyrt at:

- Tilsette gir elevane trua på seg sjølv og at dei kan meistre
- Tilsette som sikrar inkludering og gir læringsstøtte tilpassa dei ulike elevane sine behov og ønskje
- Tilsette som har gode rutinar for overgangar, tryggleik og samvær
- Lærarar som lar elevane medverka på nokre område i eige læringsarbeid
- Lærarar som formidlar positive og realistiske forventningar til elevane
- Lærarane/andre tilsette som ser etter gode løysingar når noko ikkje ser ut til å fungere
- Tilsette som jobbar med sosial og fagleg læring parallelt
- Tilsette som er merksame på elevar som t.d går åleine i friminutta (jf §12 opplæringslov)
- Tilsette som er rause, stolte av- og som omtalar alle sider ved skulen positivt



BRUDE

Kriterium 3

Skulen og dei føresette samarbeider om elevane si faglege og sosiale utvikling og inkludering

Tilbakemeldingar me har fått:


- Føresette som opplever at skulen er ein trygg og god plass for ungane deira
- Mange føresette opplever at dei blir tatt på alvor om dei tar kontakt med skulen om sosiale og/eller faglege utfordringar for barnet sitt
- Føresette som uttrykkjer at skulen legg til rette for at dei kan ta kontakt med skulen.
- Føresette som er opptatt av å støtte elevane si læring og utvikling
- Føresette som set pris på skulen sitt fokus på skulenærvær.
- Føresette ved Vats skule har lagt merke til ei synleg leiing og ei tydeleg retning. Dette har hatt ein positiv innverknad på skolemiljøet, skapt tryggleik og struktur, og styrka samarbeidet mellom heim og skule

Kriterium 4

Det profesjonelle læringsfellesskapet blir brukt bevisst og målretta for å utvikle felles pedagogisk praksis i tråd med utviklingsområdet

Me har sett/opplevd/høyrt:

- Leiinga er tydeleg når det gjeld pedagogiske prioriteringar i arbeidet med skulen sitt utviklingsområde basert på analyse av tilgjengelege data
- Leiinga legg til rette for utvikling av felles pedagogisk praksis gjennom lagmøte og drøftingar av relevante tema i samarbeids, personal- og lærande møter
- Tilsette som bidrar i det profesjonelle læringsfellesskapet
- Lærarar som ynskjer å dela og nytta kvarandre sin kompetanse i større grad
- Personalet som er stolt av arbeidsplassen sin og som trivst med kollegaene sine
- Personalet som seier dei er i ein positiv prosess mot utviklingsmålet



A photograph showing a teacher in a pink puffer jacket and white knit hat interacting with three young children outdoors. The children are wearing winter hats and coats. They are looking at a wooden board with large black numbers from 1 to 9. The teacher is pointing to the number 5. In the background, there's a ping pong table and a building.

RÅD Kriterie 1: Alle elevar opplever fagleg og sosial læring og meistring i eit inkluderande og trygt skolemiljø

SKULEN BØR:

Reflektere over kvar dei vaksne er og korleis dei involverer seg i friminutta i lys av kva/kvar borna vel å leike

Reflektere meir over kva ein legg i fagleg og sosial inkludering

Reflektere over elevperspektivet i inkluderingsarbeidet. Korleis kjennes dette ut for eleven? Kva med elevmedverknad?



RÅD Kriterie 1: Alle elevar opplever fagleg og sosial læring og meistring i eit inkluderande og trygt skolemiljø

SKULEN BØR:

Reflektere over kvar dei vaksne er og korleis dei involverer seg i friminutta i lys av kva/kvar borna vel å leike

Reflektere meir over kva ein legg i fagleg og sosial inkludering

Reflektere over elevperspektivet i inkluderingsarbeidet. Korleis kjennes dette ut for eleven? Kva med elevmedvirknad?

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde gjennom observasjon at elevar leika på einskilde område utan tilsyn. Vurderingsteamet observerte at skulen har tilsette som har ei god forståing av sosial inkludering. Vurderingsteamet meiner at det er viktig å fortsatt halde fokus på dette, og vidareutvikle fagleg inkludering jf. LK20 Overordna del) *Byggje laget gjennom faget*

RÅD Kriterie 2-*Dei tilsette legg til rette for fagleg og sosial utvikling og inkludering*

SKULEN BØR:

Reflektera over tydinga av inkludering på Vats skule. "Kva er inkludering for oss?"

Reflektera over korleis ein kan vidareutvikle ein kollektiv praksis

Det kan handle om å:

- Kva legg me i inkluderingsomgrepet?
- Korleis sikre felles praksis?
- Kva for skuleregler har me som kan vera til hinder for inkludering og arbeid med trygt og godt læringsmiljø?
- Korleis forstår ein dei ulike delpliktene i §12 i opplæringslova?



RÅD Kriterie 2-*Dei tilsette legg til rette for fagleg og sosial utvikling og inkludering*

SKULEN BØR:

Reflektera over tydinga av inkludering på Vats skule. "Kva er inkludering for oss?"

Reflektera over korleis ein kan vidareutvikle ein kollektiv praksis

Det kan handle om å:

- Kva legg me i inkluderingsomgrepet?
- Korleis sikre felles praksis?
- Kva for skuleregler har me som kan vera til hinder for inkludering og arbeid med trygt og godt læringsmiljø?



Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde ved observasjon og i samtale med elevar at Vats skule har flinke og dedikerte tilsette. Me har samtidig sett at det er skuleregler og normer som påverkar praksis og som kan vera til **hinder for inkludering** i tråd med LK20. Den understrekar at skulen skal være eit inkluderande læringsmiljø som tek omsyn til mangfald blant elevane. Dette inneber at **alle** elevar, uavhengig av deira bakgrunn og forutsetningar, skal ha **like** moglegheiter til å delta og lære.



RÅD til Kriterium 3

Skulen og dei føresette samarbeider om elevane si faglege og sosiale utvikling og inkludering

SKULEN BØR:

Ta initiativ til eit samarbeid med dei føresette om korleis dei i større grad kan vere ressursar i arbeidet med inkludering

Dette kan handle om:

- sikre at heimane er medspelarar
- få på plass gode rutinar for samarbeid og medverknad slik det kjem fram i ny opplæringslov § 10-4



RÅD til Kriterium 3

Skulen og dei føresette samarbeider om elevane si faglege og sosiale utvikling og inkludering

SKULEN BØR:

Ta initiativ til eit samarbeid med dei føresette om korleis dei i større grad kan vere ressursar i arbeidet med inkludering

Dette kan handle om:

- sikre at heimane er medspelarar
- få på plass gode rutinar for samarbeid og medverknad slik det kjem fram i ny opplæringslov § 10-4

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde gjennom samtale føresette at dei er nøgd med skulen, har eit godt samarbeid og opplever ei god skuleutvikling over tid. Me har samtidig møtt føresette som gjerne vil vera med å medverke og bli lytta til t.d med tanke på skulereglar jf 10-4 opplæringslov.

VERDIAR som skal visast igjen

RÅD TIL Kriterium 4

Det profesjonelle læringsfellesskapet blir brukt *bevisst og målretta* for å utvikle felles pedagogisk praksis i tråd med utviklingsområdet

Inkludering

hjepsom

Medverknad

yrkesstolhet

Rettferd (tilpassa)

openheit

Tydelege vaksen

trygghet

solidaritet

Respekt

Tilgiving

tradisjon

SKULEN BØR:

Fortsetje å reflektere over det profesjonelle læringsfellesskapet gjennom å setja utvikling av felles praksis i system, der:

- Alle tilsette tar ansvar og bidrar aktivt i det profesjonelle læringsfellesskapet t.d gjennom meir bruk av diskusjon i smågrupper med oppsummeringar og presentasjonar i plenum.
- Ein sikrar ein kollektiv og inkluderande praksis ved bl.a. å sørge for at skulereglane og skulekultur blir vidareutvikla i tråd med nye styringsdokument

VERDIAR som skal visast igjen

RÅD TIL Kriterium 4

Det profesjonelle læringsfellesskapet blir brukt *bevisst og målretta* for å utvikle felles pedagogisk praksis i tråd med utviklingsområdet

Inkludering

hjepsom

Medverknad

yrkesstolhet

Tilgiving

tradisjon

sjølvkjensla

like

SKULEN BØR:

Fortsetje å reflektere over det profesjonelle læringsfellesskapet gjennom å setja utvikling av felles praksis i system, der:

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde ved observasjon og i samtaler at det er mykje god fagleg kompetanse på skulen men at ein må sikre at denne er videreutvikla i tråd med nye styringsdokument som LK20 og opplæringslov

Vurderingsteamet observerte også at det er lokale skuleregler som ikkje er oppdaterte etter endringar i ny opplæringslov


Alle tilsette tar ansvar og bidrar aktivt i det profesjonelle læringsfellesskapet t.d gjennom meir bruk av diskusjon i smågrupper med oppsummeringer og presentasjonar i plenum.

Ein sikrar ein kollektiv og inkluderande praksis ved bl.a. å sørge for at skulereglane og skulekultur blir vidareutvikla i tråd med nye styringsdokument

Inkluderande samarbeid med Vats bygdekinnelag




Me fekk vera med på ei kjekk samling 21.11.2024



Desse plakatane hang over heile Vats skule





Prosessen vidare

- Rektor, barnehage- og skulesjef og skulekontakt i PPT har eit møte innan slutten av januar 2025 for å gjennomgå råda frå vurderingsteamet. Rektor har ansvaret for å kalle inn til møtet.
- I møtet blir ein samde om ein plan for korleis skulen skal jobbe kollektivt for å følgje opp råda, samt gjennomføre og evaluere tiltak som blir sett i verk.
- Ein blir samde om korleis skuleeigar og PPT skal støtte skulen i utviklingsarbeidet